



Fedje kommune

Innkalling av Arbeidsmiljøutvalet

Møtedato: 05.11.2020
Møtestad: Sosiale rommet, Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 10:30 - 12:00

Bedriftshelsetenesta v/Aashild Veiteberg er med i møtet, og informerer kort om si verksemd

Hugs smittevernreglane
- hyppig vask av hender
- hald god avstand
- bli heime om du er sjuk

Eventuelle forfall må meldast til Dagrun Gunnarson per tlf. 56165107, sms til 95242371 eller per epost til dagrun.gunnarson@fedje.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
006/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
007/20	Godkjenning av møtebok
008/20	Referatsaker
009/20	Gjennomgang av avviksmeldingar på arbeidsmiljø i perioden 010520-281020
010/20	Kommunebudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024
011/20	Gildskap og gode rutinar

29. oktober 2020

Jan Torry Sande
møteleiar

Dagrun Gunnarson
sekretær



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	20/512

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/20	Arbeidsmiljøutvalet	PS	05.11.2020

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	20/512

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/20	Arbeidsmiljøutvalet	PS	05.11.2020

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Arbeidsmiljøutvalet 02.06.20

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.



Fedje kommune

Møteprotokoll for Arbeidsmiljøutvalet

Møtedato: 02.06.2020
Møtestad: Sosiale rommet/Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 14:00 - 15:00

Møtedeltakarar	Parti
Dagrun Gunnarson	
Gjermund Hagesæter	
Lisbeth Stuberg	
Stig Øien	
Øyvind Tolleshaug	
Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Ilka Verhofstad	

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Kristin Handeland

Sakliste

Saknr	Tittel
001/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
002/20	Godkjenning av møtebok
003/20	Referatsaker
004/20	Delegerte saker
005/20	Gjennomgang av avviksmeldingar på arbeidsmiljø i perioden 011119-300420

001/20: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Arbeidsmiljøutvalet 02.06.2020

, foreslått av ,

Behandling:

AMU - sak 001/20 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent. Administrasjonen tek kontak med leiar for Arbeidsmiljøutvalet før en kallar inn til møte. Samrøystes vedteke.

002/20: Godkjenning av møtebok

Arbeidsmiljøutvalet 02.06.2020

Behandling:

AMU - sak 002/20 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent. Samrøystes vedteke.

003/20: Referatsaker

Arbeidsmiljøutvalet 02.06.2020

Behandling:

AMU - sak 003/20 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering. Arbeidsmiljøutvalet vart informert om at det ein kan gjera arbeidsmiljøundersøking i dag er " trafikklys metoden", Fedje kommune vurderer å kjøpa programmet Betre kommune, inntil dette er avklart brukar ein "trafikklys motoden" til arbeidsmiljøundersøkingar. Arbeidsmiljøutvalet tek til orientering at det kan verta ein del ting i føregbyggjande plan som kan måtte gå ut i høve Covid-19 utbrotet i 2020. Samrøystes vedteke

004/20: Delegerete saker

Arbeidsmiljøutvalet 02.06.2020

Behandling:

AMU - sak 004/20 Vedtak:

Ingen vedtak

005/20: Gjennomgang av avviksmeldingar på arbeidsmiljø i perioden 011119-300420

Arbeidsmiljøutvalet 02.06.2020

Behandling:

AMU - sak 005/20 Vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet tek oversikt over avviksmeldingar frå november 2019 t.o.m. april 2020 til orientering.

Samrøystes vedteke



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	20/512

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/20	Arbeidsmiljøutvalet	PS	05.11.2020

Referatsaker

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-440	20/513

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/20	Arbeidsmiljøutvalet	PS	05.11.2020

Gjennomgang av avviksmeldingar på arbeidsmiljø i perioden 010520-281020

Vedlegg:

Rapport avviksmeldingar som gjeld arbeidsmiljø 01.05.20-28.10.20

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Avvik er uønska hendingar. Fedje kommune har ei rutine for avviksregistrering vedteke 18.11.2011 og revidert i 2016 og 2019. Som ein del av oppfølginga skal AMU handsame innsamla statistikk over avviksmeldingar i Fedje kommune. Arbeidsmiljøutvalet kan be om å få meir informasjon og handsame enkeltavvik.

I tråd med rutina skal avvika rapporterast til AMU på risikotal som gjeld tilsette/arbeidsmiljø (i motsetning til det som gjeld brukarar/teneste).

Sjå vedlagte oversikt over avviksmeldingar i perioden.

Vurdering

Det er svært ulikt kor aktivt einingane nyttar avviksmeldingar, og om dei systematisk vert lagt inn i websak og svart på skriftleg.

Dei tilsette melder om mykje forskjellig, også ting som det ikkje er openbart at er avvik verken etter arbeidsmiljølov/forskrifter eller tenesterutinar. Men det har vore eit uttalt ønskje frå Fedje kommune å ha låg «terskel» for å melde avvik – fordi for få meldingar er verre enn for mange.

Den vedlagte rapporten tek utgangspunkt i den klassifisering som melder og nærmaste leiar har gjort av avviket – både i forhold til om det gjeld teneste (som ikkje skal til AMU) eller arbeidsmiljø, og vurderinga av konsekvens og kor sannsynleg det er at det vil skje igjen.

Me har framleis litt arbeid att før me kan seie oss godt nøgde med korleis avvikssystemet verkar i Fedje kommune. Me ser at nokre einingar nyttar det svært aktivt, som pleie og omsorg. Ein av områda me kan forbetre oss på, er rapportering på avvik og lukking knytt til teneste/brukarar til rådmannen. Rådmannen vurderer no innkjøp av elektronisk kvalitets- og avviksmeldingssystem gjennom ei fellesløsning i Nordhordland.

Konklusjon

Avviksrapporten viser ingen alvorleg svikt i arbeidsmiljøet i perioden mai 2020 – oktober 2020, på



Fedje kommune

tross av nye utfordringar i forhold til smittevern og Covid-19.

Forslag til vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet tek oversikt over avviksmeldingar frå mai 2020 t.o.m. oktober 2020 til orientering.

Handsaming av avvik –rapport haust 2020

Periode: 01.05.20-28.10.20– avvik som gjeld arbeidsmiljø/HMT

Ansvar 1000 Rådmann

1 uønska hending, gjeld ikkje arbeidsmiljø.

Ansvar 1100 Kultur

1 uønska hending, gjeld ikkje arbeidsmiljø.

Ansvar 2000 Helse

1 melding med ønskje om vernerunde på helsestasjonen i perioden. Gjennomført i juni 20. Avviket lukka.

Ansvar 2100 Skule

5 uønska hendingar, 2 av dei gjeld arbeidsmiljø i perioden. Arbeidsmiljøavvika er lukka.

KONSEKVENNS	Alvorleg			
	Moderat			
	Låg			2
		Lite sannsynleg	Sannsynleg	Svært sannsynleg
	SANNSYN			

Oversikt mest alvorlege avvik (i gul/raud sone):

Type avvik	Kode	Tiltak iverksett	Status	Læring
Manglande undervisningspersonell	gul	På grunn av fråvær, vart lærar knytt til spesialundervisning sett inn som vikar for heil klasse. 2 tilfelle.	Lukka	

Ansvar 2200 Barnehage

1 uønska hending, gjeld ikkje arbeidsmiljø.

Ansvar 2300 Pleie og omsorg

41 uønska hendingar, 6 av dei gjeld arbeidsmiljø i perioden.

Arbeidsmiljø

KONSEKVENNS	Alvorleg			
	Moderat	1		
	Låg		4	1
		Lite sannsynleg	Sannsynleg	Svært sannsynleg
	SANNSYN			

Oversikt mest alvorlege avvik (i gul/raud sone):

Type avvik	Kode	Tiltak iverksett	Status	Månad
Personaltoalett herrer fungerte ikkje som det skulle. Gjeve melding til teknisk fleire gongar	gul	Vart reparert etter vernerunde	Lukka	Juni 20

Pleie og omsorg er flinkast til å registrere, arkivere og handtere avvik. Mengden er ganske overveldande, og ein del av dei registrerte uønska hendingane kan ikkje kallast avvik etter rutina. Dei er heller ikkje alltid heilt stødige på om det gjeld teneste/pasientar eller arbeidsmiljø/tilsette. Men det er bra at systemet vert nytta, både til tenesteforbetring, læring og dokumentasjon. Me har sagt at me ønskjer låg terskel for å melde avvik, og det er det. Om ein skal «smale inn» noko etter kvart, for å hindre unødvendig arbeid, er under stadig vurdering hjå leiar.

Leiinga i pleie og omsorg er oppdaterte på handteringa av avvik. Alle avvik kinytt til arbeidsmiljø er lukka. Alle avvik som var opne i sist rapport i pleie og omsorg, er no lukka.

Psykisk helse

Ikkje nokon uønska hendingar som gjeld arbeidsmiljø registrert i perioden.

Ansvar 2500 Lege

Ikkje nokon uønska hendingar som gjeld arbeidsmiljø registrert i perioden.

Ansvar 2600 Sosialtenester

Ikkje nokon uønska hendingar som gjeld arbeidsmiljø registrert i perioden.

Ansvar 3000 Teknisk kontor

Reinhold

Ikkje nokon uønska hendingar som gjeld arbeidsmiljø registrert i perioden.

Teknisk etat

Ikkje nokon uønska hendingar som gjeld arbeidsmiljø registrert i perioden.

Tekniske avvik på vassverket vert registrert i eige system.



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjermund Hagesæter	FE-150	20/511

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/20	Arbeidsmiljøutvalet	PS	05.11.2020
018/20	Eldrerådet	PS	03.11.2020
	Ungdomsrådet	PS	
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Kommunebudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Vedlegg:

Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 taldel

Samla budsjettdokument 2021 rådmannen sitt framlegg

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Rådmannen fremmar i denne saka sitt framlegg til kommunebudsjett 2021 og økonomiplan for perioden 2021-2024 i same dokument. Vurderingar og konklusjonar er i sin heilskap tekne inn som del av dokumentet.

Reduserte overføringar frå staten gjer at rådmannen legg fram eit stramt budsjett som igjen medfører færre tilsette og at enkelte kommunale tenester vert dårlegare neste år enn dei har vore til no.

Særleg ber rådmannen kommunestyret merke seg:

- Grunnbemanning i pleie og omsorg på dagtid i vekedagane vert redusert frå 5 tilsette til 4 tilsette.
- Stillinga som kommunikasjonsrådgjevar vert redusert frå 100% til 50%. (Er no vakant)
- Tilskot til ombygging av eldre bustader vert foreslått fjerna frå og med budsjettåret 2021.
- Me legg til grunn i budsjettet 2021 at utbetaling av økonomisk sosialhjelp vert noko lågare til neste år enn i år.
- Me må vurdere ytterlegare reduksjon av tal tilsette i skule og barnehage neste skuleår, mellom anna ved å sjå på organiseringa av SFO.

Tiltak og grunngjeving er nærare omtalt i budsjettframlegget.

Budsjettet 2021 er oppgjort med eit lite overskot på kr 82 000,-. Dette er langt mindre enn det KS tilrår at kommunane skal ha. I tillegg til dette budsjetterer Fedje kommune med "inntekter" frå



Fedje kommune

negativt premieavvik på totalt netto kr 1 000 000,-. Dette er ein post som i framtidige budsjett også kan gå i minus, og budsjettet 2021 burde derfor tatt høgde for det i form av eit langt større overskot.

Utsiktene etter 2021 er også krevjande. Dette gjer at rådmannen i prosessen for budsjettet 2021 har vurdert å foreslå innføring av eigedomsskatt på hytter og hus i Fedje kommune. Etter ei totalvurdering vert dette i denne omgang likevel ikkje føreslått. Også andre tiltak som kan auke inntektene er vurdert, men er ikkje inne som ein del av budsjettframlegget.

Prosess

Kommunebudsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024 er grundig sakshandsama både i utvida leiargruppe, personaleiargruppa og i rådmannsgruppa. Dei hovdullitsvalde har også blitt orientert og fått uttale seg. Dei innspele me har fått i denne prosessen er alle blitt vurdert og nokre er også tatt omsyn til. Framlegget vert sendt ut til alle folkevalde, verneombod, hovdullitsvalde og einingsleiarar, samt vert lagt ut på heimesidene til kommunen.

Kommunebudsjettet og økonomiplanen vert sendt på høyring/uttale til eldreråd, arbeidsmiljøutval og ungdomsråd, og behandla der før saka kjem til handsaming i formannskap og kommunestyre.

Vurdering

Kommunebudsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024 er så godt opplyst som mogeleg og dermed klar til politisk handsaming.

Forslag til vedtak:

Kommunebudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 vert vedteke slik det ligg føre.

HOVEDOVERSIKTER DRIFT	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskudd	41 833	41 402	42 230	43 075	43 936
Skatt på inntekt og formue	17 199	17 425	17 774	18 129	18 492
Eiendomsskatt	2 300	2 200	2 244	2 289	2 335
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskudd frå staten	1 187	1 350	1 377	1 405	1 433
Overføringer og tilskudd frå andre	5 205	3 238	3 303	3 369	3 436
Brukerbetalingar	2 729	2 316	2 362	2 410	2 458
Salgs- og leieinntekter	6 853	6 881	7 019	7 159	7 302
Sum driftsinntekter	77 306	74 812	76 308	77 834	79 391
Lønnsutgifter	42 849	40 867	41 684	42 518	43 368
Sosiale utgifter	8 957	10 041	10 242	10 447	10 656
Kjøp av varer og tjenester	17 954	18 900	19 278	19 664	20 057
Overføringer og tilskudd til andre	4 140	3 597	3 669	3 742	3 817
Avskrivningar	3 979	3 886	3 964	4 043	4 124
Sum driftsutgifter	77 879	77 291	78 837	80 414	82 022
Brutto driftsresultat	-573	-2 479	-2 529	-2 579	-2 631
Renteinntekter	500	400	400	400	400
Utbytte	1 000	550	561	700	700
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0
Renteutgifter	735	830	830	800	750
Avdrag på lån	1 230	1 445	1 445	1 500	1 530
Netto finansutgifter	465	-1 325	-1 314	-1 200	-1 180
Motpost avskrivningar	3 979	3 886	3 964	4 043	4 124
Netto driftsresultat	2 941	82	121	264	313
	3,80 %	0,11 %	0,16 %	0,34 %	0,39 %
Overført til investeringsregnskapet	-2 628	-462	0	0	0
Netto bundne fond	0	330	0	0	0
Netto disposisjonsfond	313	50	0	0	0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponering eller dekning av nettoresultat	2 941	-82	-121	-264	-313
Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0

<i>Bevilgningsoversikt - drift</i>	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskudd	41 833	41 402	42 230	43 075	43 936
Inntekts- og formueskatt	17 199	17 425	17 774	18 129	18 492
Eiendomsskatt	2 300	2 200	2 244	2 289	2 335
Andre generelle driftsinntekter	860	1 350	1 377	1 405	1 433
Sum generelle driftsinntekter	62 192	62 377	63 625	64 897	66 195
Sum bevilninger drift, netto	58 666	60 970	62 190	63 433	64 702
Avskrivinger	3 979	3 886	3 964	4 043	4 124
Sum netto driftsutgifter	62 645	64 856	66 153	67 476	68 826
Brutto driftsresultat	-453	-2 479	-2 529	-2 579	-2 631
Renteinntekter	500	400	400	400	400
Utbytte	1 000	550	561	700	700
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0
Renteutgifter	735	830	830	800	750
Avdrag på lån	1 230	1 445	1 445	1 500	1 530
Netto finansutgifter	-465	-1 325	-1 314	-1 200	-1 180
Motpost avskrivinger	3 979	3 886	3 964	4 043	4 124
Netto driftsresultat	3 061	82	121	264	313
Overføring til investering	-2 628	-462	-121	-264	-313
Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond	0	330	0	0	0
Netto disposisjonsfond	-433	50	0	0	0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponering eller dekning av nettoresultat	-3 061	-82	-121	-264	-313
Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0

<i>Bevilgningskjema - investering</i>	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Investeringer i varige driftsmidler	2980	1600	2 550	2 550	2 000
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	250	240	250	250	250
Utlån av egne midler	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	300	255	300	200	250
Sum investseringsutgifter	3530	2095	3100	3000	2500
Kompensasjon for merverdiavgift	392	320	400	350	300
Tilskudd frå andre	0	0	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	350	0	350	350	350
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	160	130	300	200	150
Bruk av lån	0	1000	1 000	1 000	800
Sum investseringsinntekter	902	1450	2050	1900	1600
Videreutlån	0	0	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på videreutlån	0	0	0	0	0
Nettoutgifter videreutlån	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	2628	462	121	264	313
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investseringsfond	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	0	183	929	836	587
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetninger	2628	645	1050	1100	900
Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0



28.10.2020

Fedje kommune

Rådmannen sitt framlegg til
kommunebudsjett 2021 og
økonomiplan 2021-2024

Innhold

1. Rådmannen si innleiing	2
2.ORGANISASJON OG PLANAR	4
2.1 ORGANISASJON – POLITISK OG ADMINISTRATIVT	4
2.1.1 Politikk	4
2.1.2 Administrativ organisering	5
2.2 KOMMUNALE PLANFØRESETNADER	5
2.2.1 Kommunal planstrategi	5
2.2.2 Kommuneplan med handlingsprogram.....	8
2.2.3 Landsbyen i havet.....	8
.....	8
2.3 DEMOGRAFI.....	9
2.3.1 Folketalsutvikling.....	9
2.3.2 Elevantalsutvikling.....	10
3. ØKONOMIPLAN 2021-2024	12
4.VISJON OG MÅL.....	17
4.1 OVERORDNA MÅL FOR PERIODEN 2021 - 2024	17
4.2 TENESTEMÅL OG STYRINGSMÅL	18
Ansvar 1000 Rådmannen	18
Ansvar 1100 Kulturtenester	22
Ansvar 2000 Levekår	23
Ansvar 2100 Fedje skule	25
Ansvar 2200 Fedje barnehage.....	29
Ansvar 2300 Pleie og omsorg	30
Ansvar 2500 Legetenester.....	33
Ansvar 2600 Sosialtenester	34
Ansvar 3000 Teknisk kontor	34
Ansvar Beredskap – som er felles for alle	38

1. Rådmannen si innleiing

Det er ikkje mange kommunar igjen som har dei same unike kvalitetane som Fedje kommune har. Dette er noko som me kan vere stolte av, men som også byr på utfordringar. Det å vere landsbyen i havet og avhengig av ferje og båt har vist seg til tider å by på store utfordringar. I tillegg er det slik at arbeidsplassar, for eksempel innan fiske og fangst, som tidlegare naturleg var lokalisert på Fedje i dag av ulike årsaker er flytta vekk frå øya vår. For at Fedje i framtida skal vere ein levande landsby i havet der alle skal kunne leve gode og meningsfylte liv, er det viktig at me har interessante arbeidsplassar i kommunen vår.

Feddie Ocean Distillery er ein ny aktør som har tilført Fedje noko nytt og nye arbeidsplassar. Feddie har nytta Fedje sine unike kvalitetar i marknadsføringa av sitt produkt. Dette viser at det er mogleg å få til ny aktivitet på nye områder dersom ein tenkjer nytt og utradisjonelt. Fiskeoppdrett og sjømatproduksjon er områder der Fedje har naturgitte forutsetningar som kan utviklast vidare til å gje både fleire arbeidsplassar og inntekter.

“Det grønne skiftet” med elektrifisering av samfunnet og utvikling av havvind er også eit område der Fedje har eit godt utgangspunkt for å kunne ta del i og som kan gje både arbeidsplassar og inntekter til Fedje i framtida.

I tillegg til eit bredt og godt arbeidstilbod er gode og trygge bu- og oppvekstvilkår, gode kommunale tenester, eit rikt kultur- og lagsliv og unike fritidsopplevingar viktig for å ta vare på det som gjer Fedje til ein særprega kommune.

Budsjett 2021 og økonomiplan 2021 til 2024 er eit stramt, men realistisk dokument for tenesteproduksjonen i Fedje kommune. Reduserte overføringar frå staten gjer at rådmannen legg fram eit stramt budsjett som igjen medfører færre tilsette og at enkelte kommunale tenester vert dårlegare neste år enn dei har vore til no. Dette er ikkje ei utvikling rådmannen ønskjer seg, men noko dei økonomiske rammene tving oss til å gjera.

Budsjettet 2021 er oppgjort med eit lite overskot på kr 82 000,-. Dette er langt mindre enn det KS tilrårer at kommunane skal ha. I tillegg til dette budsjetterer Fedje kommune med “inntekter” frå negativt premieavvik på totalt netto kr 1 000 000,-. Dette er ein post som i framtidige budsjett også kan gå i minus og budsjettet 2021 burde derfor tatt høgde for det i form av eit langt større overskot.

Utsiktene etter 2021 er også krevjande. Dette gjer at rådmannen i prosessen for budsjettet 2021 har vurdert å foreslå innføring av eigedomsskatt på hytter og hus i Fedje kommune. Etter ei totalvurdering vert dette i denne omgang likevel ikkje føreslått. Dette kan likevel verte føreslått seinare budsjettår, men det er noko ein eventuelt vil koma tilbake til då.

Den største utfordringa som Fedje står overfor er utviklinga i folketalet som dessverre i mange år har gått feil veg. Ved utgangen av 2. kvartal 2020 var det registrert 551 innbyggjarar i Fedje kommune. Dei siste framskrivningane frå SSB indikerer at folketalet i Fedje kommune vil fortsette å gå ned. Dermed ser det mørkt ut for ambisjonane om å auke folketalet til 640 innbyggjarar i år 2024 som kommunestyret har sett som mål. Problemet med synkende folketal er at inntektene til kommunen då også går ned samstundes som det for eksempel både på skule, barnehage og administrasjon er krevjande å redusera tal tilsette tilsvarande.

Det er derfor ønskeleg å få til ei meir positiv utvikling enn SSB sine prognosar tilseier. Det er liten grunn til å tru at det er vanskeleg å få folk til å flytte til Fedje dersom me greier å oppretthalda eit godt sørvistilbod og ein finn passande arbeid her.

Ein viktig nøkkel for å få til ei positiv utvikling er som nemnt å få nye bedrifter til å etablera seg på Fedje og å få til ei positiv utvikling av eksisterande bedrifter. Fedje kommune er ikkje i ein posisjon der vi kan velje og vrake blant bedrifter som ønskjer å skape nye arbeidsplassar på Fedje. Vår oppgåve blir derfor å leggje best mogleg til rette for alle, både eksisterande og nye bedrifter, som vurderer å etablera seg her.

Me må i dette arbeidet nytta smådriftsfordelar som raske og korte prosesser for å gjere oss mest mogeleg attraktive for dei som ønskjer å satsa i vår kommune. I tillegg må me framheva naturgitte fortrinn som gjer oss attraktive for enkelte næringar. Dersom me lykkast her kan nye arbeidsplassar bli skapt og folketalet kan igjen auke. Skal Fedje kommune bestå som eigen kommune på lang sikt så bør me ikkje verte færre enn me er i dag.

Gjermund Hagesæter
Rådmann




2. ORGANISASJON OG PLANAR

2.1 ORGANISASJON – POLITISK OG ADMINISTRATIVT

2.1.1 Politikk

Fedje kommune er politisk organisert på denne måten:



Kommunestyret har 15 medlemmer frå følgjande parti: Høgre 6, Arbeidarpartiet 6 og Framstegspartiet 3. Ordførar Stian Herøy representerer Høgre, og er kommunen sin øvste leiar. Bjørn Kåre Solbakk, FrP, er varaordførar i valperioden. +

Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval og planutval.

Partsamansett utval er formannskapet pluss to hovudtillitsvalde. Partssamansett utval handsamar overordna saker som gjeld forholdet mellom arbeidsgjevar og dei tilsette.

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegner føra tilsyn med arbeidet til formannskapet og administrasjonen. Sekretariatet til kontrollutvalet er lagt til Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

I tillegg til desse utvala har kommunen oppretta rådsorgana:

- Eldrerådet/Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Ungdomsrådet


Formannskapet er valstyre. Dette er eit lovpålagt organ, som skal gjennomføra stortingsval, fylkestingsval og kommuneval. I tillegg er ei valnemnd med representasjon frå alle partia i kommunestyret oppnemnd til å koma med framlegg til kandidatar i styre, råd og utval, eventuelt val av nye kandidatar. Nemndenemnda fungerer gjennom heile valperioden.

2.1.2 Administrativ organisering

Rådmannen er kommunen sin øvste administrative leiar, og har gjennom tett samarbeid med folkevalde og tilsette, ansvaret for å vidareutvikla ein stabil og framtidretta organisasjon med eit godt sørvis- og tenestetilbod til innbyggjarane.

Alle einingsleiarar har personal- og budsjettansvar.

Administrativt organisasjonskart pr. 19.10.2020:



2.2 KOMMUNALE PLANFØRESETNADER

2.2.1 Kommunal planstrategi

Planstrategi for inneverande periode vart vedteken av kommunestyret 30.04.2020 (k-sak 022/20). I budsjett- og økonomiplanarbeidet har rådmannen vurdert tiltakslistene i dei ulike vedtekte planane. Den kommunale planstrategien skal m.a. fortelja kva planar kommunestyret ønskjer å få ferdigstilt/utarbeidd/revidert og vedteke i kommunestyreperioden. Planstrategien skal gje eit samla oversyn over utfordringane gjennom ein fireårsperiode, ut frå kva kommunestyret ønskjer av arealutnytting og ein styrt retning av den lokale samfunnsutviklinga. Noverande planstrategi gjeld til 2024.

Status planarbeid hausten 2020:

Type plan	Kommentar	Merknad
Samfunnsdelen til kommuneplanen		
Folkehelse	Mål og strategiar inn i Kommuneplanen. Skal oppdaterast i samsvar med vedteken planstrategi – K-sak 022/20	Ansvar: Helse og omsorgssjef
Temaplanar		
Helse- og omsorgsplan	Planprogram vart vedteke 12.03.2020. Starte opp sjølv planarbeidet i 2020.	Ansvar: Helse og omsorgssjef
Oppvekstplan	Behov for plan om framtida med færre barn. Arbeidet stoppa opp i 2018. Siste aktivitet – F-sak 036/17	Ansvar: Rektor og styrar bhg
Kommunedelplan for sjøområda	Start haust 2020. Denne planen vert jobba med som Fedje sin del av interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland.	Vedtak om deltaking – k-sak 055/20
Reiseliv (Næringsplan)	Plan/kartlegging er innhenta. Det er gjort politisk vedtak om vidare prosess.	Arbeidet vert teke omsyn til ved vidare planlegging.
Sentrumsplan	Plan/kartlegging er innhenta. Det er gjort politisk vedtak om vidare prosess.	Ansvar: Rådmann
Trafikksikringsplan	Denne planen var knytt til Nordhordlandspakka, som er vedteke. Ein oppdatert trafikksikringsplan er naudsynt for å kunne søka trafikksikringsmidlar. Vegane på Fedje er generelt smale og kronglete. Det inneber at endringar i trafikkbilete, næring og busettingsmønster fort vil kunne skapa nye utfordringar for trafikktryggleiken. Byggefeltet i Torvhaugane kan til dømes føra til at vegen til Vestkanten i større grad enn i dag vert ein	Tiltak vert gjennomført. Viser til Nordhordlandspakka. Ansvar: Teknisk sjef.

	skuleveg. (Frå vedteken planstrategi)	
Idrett og friluftsliv	Aktuelt med fornying bl.a. pga. dagsturhytte. Ny plan kjem etter planen til behandling i desember 2020.	Ansvar: Samfunnsplanleggar
Kulturminneplan	Kulturminneplan for Fedje kommune vart vedteken utan handlingsplan i 2020. Vedtak frå kommunestyret 12.03.2020: "Administrasjonen vil ta opp att arbeidet med handlingsplanen så raskt som mogleg"	Ansvar: Leiar fellestenester
Plan for rehabilitering, habilitering og koordinerande eining	Under arbeid	Ansvar: Fysioterapeut
Pandemiplan	Er under arbeid. Skal etter planen vere handsama innan 31.12.2020.	Ansvar: Smittevernlege
Planar forankra i lov, forskrift og avtale		
Rusplan / Alkoholpolitisk plan	Fullført. Vedtatt i kommunestyret 11/6-20	Ansvar: Leiar fellestenester.
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse	Bør rullerast i 2021, i tråd med planstrategi	Ansvar: Teknisk sjef og rådmann.
Folkehelseoversikt	Bør fornyast i 2020, i tråd med planstrategi	Ansvar: Helse og omsorgssjef
Personalplan.	Fullført. K-sak 052/20	Ansvar: Personalsjef

2.2.2 Kommuneplan med handlingsprogram

Fedje kommunestyre vedtok «Kommuneplan 2012-2024» i møte 14. mars 2013. Planen inneheld ein samfunnsdel, ein arealdel og ein risiko- og sårbarheitsanalyse der ein ser verknader av endra arealbruk med tanke på å redusera risiko for tap av liv, helse, miljø, infrastruktur mv. Planen gjeld heile kommunen, inkludert alt sjøareal innanfor kommunegrensa.

Med eit juridisk bindande dokument for arealdisponeringa, står kommunen betre rusta til å møte utfordringane i planperioden. Dette gjeld område som t.d. arealbruk, friluftsområde, strandsone, bustadbygging og næringsområde. Kommuneplanen skal gje eit godt grunnlag for politisk styring, der ein tek vare på og vidareutviklar dei kvalitetane som gjer Fedje til ein attraktiv stad å bu, driva verksemd og å vitja.

Kommuneplanen gjev også viktige føresetnader for Fedje som eit berekraftig og levande lokalsamfunn. Kommuneplanen er det rammeverket som all anna planlegging i kommunen skal byggja på.

2.2.3 Landsbyen i havet

Slik formulerer kommuneplanen den *langsiktige visjonen* for Fedjesamfunnet:


«Fedje skal vera landsbyen i havet – eit levande samfunn som tilbyr rom for utvikling og nyskaping i næringslivet, særleg retta mot maritim sektor og turisme, eit godt og trygt bu- og oppvekstmiljø, eit rikt kultur- og lagsliv og unike friluftsopplevingar.»

Landsbyen i havet er – og må vera – rettesnora for vårt daglege arbeid med å gje gode tenester, samt i alt planarbeid for å styrka kvalitetane og la fleire innbyggjarar og gjester ta del i dei.



2.3 DEMOGRAFI

2.3.1 Folketalsutvikling



(Alle tala er henta frå Statistisk sentralbyrå; [ssb.no](https://www.ssb.no/kommunefakta/fedje). For fleire tal om Fedje kommune i dag, sjå: <https://www.ssb.no/kommunefakta/fedje>) Tala er pr 2. kvartal kvart år.

Folketalet på Fedje gått ned i 2018 og 2019 etter å ha hatt vekst frå 2014-2017:

	1988	1993	1998	2003	2008	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Fedje	761	709	672	672	596	569	561	563	576	587	561	549	551

Framskriving av folketal er vanskeleg, spesielt når tala er små. Etter framskrivinga som vart gjort i 2002, skulle Fedje ha ca. 625 innbyggjarar i 2018. Etter framskrivinga som vart gjort i 2010, skulle Fedje hatt ca. 520 innbyggjarar i 2018.

Oversikt fødde og døde:

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Sum
Fødde	3	4	6	2	5	4	5	6	1	6	4	4	50
Døde	8	9	3	10	15	9	9	10	0	7	7	6	93

SSB sine befolkningsframskrivingar seier at folketalet vil gå ned til 537 innbyggjarar i 2030, basert på desse tala.

Samansetninga av folket på Fedje (Berekna pr 1/1 kvart år):

Alder	2002	2014	2018	2019	2020
0-4 år	41	20	24	23	19
5-14 år	86	74	74	66	65
15-19 år	45	48	46	31	44
20-24 år	42	20	25	34	27
25-29 år	29	15	20	17	17
30-49 år	77	131	110	111	104
50-59 år	64	79	74	80	79
60-69 år	78	74	90	87	88
70-79 år	66	47	49	57	54
80 år eller eldre	54	54	50	46	51
TOTALT	582	562	562	552	548

Samanlikna med 2002, har me først og fremst langt færre under 19 år. Me ser også at me har mykje færre innbyggjarar i alderen 20-29 år – noko som kanskje er naturleg sidan fleire tar høgare og lenger utdanning. Mangel på arbeidsplassar er truleg hovudårsaka til at mange ikkje flyttar heim etter at utdanninga er ferdig.

2.3.2 Elevtalsutvikling

Faktiske tal og framskriving av barnetal i barnehage- og skulealder

Aldersgrupper / år	2017	2020	2021	2024
Barnehagealder	25	19	14	?
Barneskulealder	46	40	38	34
Ungdomsskulealder	32	20	20	15
SAMLAR BARNEHAGE- OG GRUNNSKULEALDER	103	79	72	?

Után tilflytting går barnetalet i barnehage og skule så mykje ned innan få år, at kommunen lyt finna måtar å organisera sektoren på, for å kunna redusera kostnadene. Arbeidet med å organisere undervisninga annleis, og samarbeide på tvers av einingane er allereie i gang.

Faktiske tal 2017-2020 og prognose 2021-2024 fordelt på trinn

Trinn/ år	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20	2020/21	2021/22	2022/23	2023/24	2024/25
1.-7.	50	46	45	42	40	38	36	36	34
8.-10.	31	32	31	26	20	20	18	17	15
SAMLA	81	78	76	68	60	58	54	53	49

Frå og med skuleåret 2020/2021 er Fedje skule ein fådelt skule med 6 elevgrupper og 6 kontaktlærarar, medan det i skuleåret 2019/2020 var 9 elevgrupper og 9 ½ kontaktlærarstillingar ved skulen. Vi har endra organisering frå tre team med tre teamleiarar, til to team med to teamleiarar.




3. ØKONOMIPLAN 2021-2024

	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
HOVEDOVERSIKTER DRIFT					
Rammetilskudd	41 833	41 402	42 230	43 075	43 936
Skatt på inntekt og formue	17 199	17 425	17 774	18 129	18 492
Eiendomsskatt	2 300	2 200	2 244	2 289	2 335
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskudd frå staten	1 187	1 250	1 275	1 301	1 327
Overføringer og tilskudd frå andre	5 205	3 338	3 405	3 473	3 542
Brukerbetalingar	2 729	2 316	2 362	2 410	2 458
Salgs- og leieinntekter	6 853	6 881	7 019	7 159	7 302
Sum driftsinntekter	77 306	74 812	76 308	77 834	79 391
Lønnsutgifter	42 849	40 867	41 684	42 518	43 368
Sosiale utgifter	8 957	10 041	10 242	10 447	10 656
Kjøp av varer og tjenester	17 954	18 900	19 278	19 664	20 057
Overføringer og tilskudd til andre	4 140	3 597	3 669	3 742	3 817
Avskrivningar	3 979	3 886	3 964	4 043	4 124
Sum driftsutgifter	77 879	77 291	78 837	80 414	82 022
Brutto driftsresultat	-573	-2 479	-2 529	-2 579	-2 631
Renteinntekter	500	400	400	400	400
Utbytte	1 000	550	561	700	700
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0
Renteutgifter	735	830	830	800	750
Avdrag på lån	1 230	1 445	1 445	1 500	1 530
Netto finansutgifter	465	-1 325	-1 314	-1 200	-1 180
Motpost avskrivningar	3 979	3 886	3 964	4 043	4 124
Netto driftsresultat	2 941	82	121	264	313
	3,80 %	0,11 %	0,16 %	0,34 %	0,39 %
Overført til investeringsregnskapet	-2 628	-462	0	0	0
Netto bundne fond	0	330	0	0	0
Netto disposisjonsfond	-313	50	0	0	0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponering eller dekning av nettoresultat	-2 941	-82	-121	-264	-313
Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0



<i>Netto driftsbudsjett</i>		Rekneskap	Budsjett	Budsjett
		2019	2020	2021
1000	Rådmann	11 585	9 774	11 221
1100	Kulturtenester	1 423	1 517	1 433
2000	Levekår	1 520	1 954	2 086
2100	Fedje skule	13 327	12 672	12 449
2200	Fedje barnehage	3 645	3 729	3 357
2300	Pleie og omsorg	20 319	18 575	17 637
2500	Legetenester	4 893	4 784	5 206
2600	Sosialtenester	2 704	2 314	2 456
3000	Teknisk kontor	3 672	2 453	2 617
3100	Kommunale bygg og anlegg	5 549	5 303	5 464
3500	Avskrivningar	-3 954	-3 979	-3 886
TOTALT		64 684	59 096	60 040



<i>Budsjettskjema 2B - investering</i>		Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1200	Administrasjon	245	250	240
1205	IKT	0	250	0
2220	Skulelokaler	303	700	0
2541	Heimesjukepleie	161	0	0
2610	Institusjonslokale	182	250	500
2651	Kommunalt disponerte bustader	857	0	0
2830	Bistand til etab. og oppret. av eingen bustad	313	300	255
3150	Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak	26	0	0
3200	Kommunal næringsverksemd	0	520	0
3320	Kommunale vegar	0	125	0
3350	Rekreasjon i tettstad	0	700	200
3530	Avløpsnett/innsamling av avløpsvann	0	500	700
3600	Naturforvaltning og friluftsliv	438	0	0
3900	Den norske kyrkja	745	60	0
3930	Kirkegård	74	0	200
TOTALT		3 344	3 655	2 095

Investeringar i 2021

Tiltak	Kostnader inkl. mva*	står og på budsjettet i 2020	Prosjektnr.
Administrasjon			
Egenkapitaltilskot KLP	240		120004
Institusjonslokaler			
Ny papp på taket på sjukeheimen	500		261005
Bistand til etab. og oppret. av eingen bustad			
Avdrag etableringslån	255		283004
Rekreasjon i tettstad			
Tømmeanlegg for bubilar. (Usikkert overslag)	200	X	335001
Avløpsnett/innsamling av avløpsvatn			
Pumpestasjon for kloakk på Kopper	700	også i 18 og 19	353001
Kyrkjegard			
Utviding av kyrkjegarden på Kopper, planlegging	200		393002
SUM	2 095		

Sjukeheimen, Ny papp på taket :

Sjukeheimen fekk ny papp på taket i 2008. Det vart då lagt same type papp som var på klasseromsfløyen til nye-skulen fram til 2018. Her vart det store lekkasjar i 2018. Takpappen på sjukeheimen er tydeleg slitt.

Tømmeanlegg for bubilar :

I § 25 i forureiningslova, står det : *Kommunen skal også sørge for nødvendige anlegg for tømming av avløpsvatn frå bubilar, fritidsbåtar m.v.*

Tømmeanlegg for bubilar vest for fabrikk nr. 8 er under planlegging. Kommunen har fått byggeløyve for anlegget. Bygginga vil starta i 2020. Det vert og utgifter i 2021.

Pumpestasjon for kloakk på Kopper :

I 2015 vart det bygd eit privat leidningsnett for kloakk på Kopper. Dette skaffa kloakknett mellom anna til dei tre nye hyttenausta. Kommunen kjøpte seg inn i prosjektet 81.000,- kr. For dette fekk vi ein pumpeleidning for kloakk lagt i ei grøft som dei private måtte bygga for sin pumpeleidning.

På Kopper er det 9 bustader som er tilknytt kommunal kloakk der utsleppet ikkje er tilfredsstillande. Ein pumpestasjon for kloakk på Kopper saman med pumpeleidning lagt ned i 2015, vil ordna dette.

Kyrkjegard :

Utviding av kyrkjegarden er eit prosjekt som ein legg inn naudsynte midlar for å planlegge ferdig i 2021, slik at sjølve arbeidet kan finne stad i 2022.



Finpuss av fleirbrukshall

4.VISJON OG MÅL

Frå kommuneplanen:

Langsiktig visjon

«Fedje skal vera landsbyen i havet – eit levande samfunn som tilbyr rom for utvikling og nyskaping i næringslivet, særleg retta mot maritim sektor og turisme, eit godt og trygt bu- og oppvekstmiljø, eit rikt kultur- og lagsliv og unike friluftsopplevingar.»

Overordna mål 2012 -2024

«For fedjesamfunnet er det altoverskyggjande målet folkevekst. Fedje kommune skal organiserast slik at det byggjer opp under trivsel, tryggleik og livskvalitet for alle. Fedje kommune skal i planperioden (2012-2024) arbeida for å auka folketalet med minimum 10%, slik at folketalet på Fedje i 2024 er over 640.»

4.1 OVERORDNA MÅL FOR PERIODEN 2021 - 2024

Folketalsutviklinga har utvikla seg nokså flatt det siste året og er 2. kvartal 2020 på 551 personar. Tala i barnehage og skule syner dessverre ei negativ utvikling. Tiltak for å få opp folketalet dei neste åra må derfor ha høgaste prioritet. Dette gjeld spesielt tiltak for å halda på og få fleire barnefamiljar til Fedje. I tillegg til gode levekår samt god og stabil ferjedrift er fleire og varierte arbeidsplassar nøkkelen til å få folketalsutviklinga i positiv retning. Her må kommunen dra nytte av smådriftsfordelar som raske og korte slutningsprosessar for å gjera kommunen mest mogeleg attraktiv for alle som ønskjer å skapa nye arbeidsplassar i Fedje kommune.

- Auke i folketalet
- Leggje best mogeleg til rette for nye arbeidsplassar
- Kontinuerleg arbeide for betra levekår for alle
- Sikre god og stabil ferjedrift og gode kommunikasjonar



4.2 TENESTEMÅL OG STYRINGSMÅL

Ansvar 1000 Rådmannen

Auken under ansvar 1000 skuldast endringa i årets premieavvik og er forklart under. Når det gjeld lønskostnader er det i budsjettet 2021 føreslått å fjerna ein stillingsheimel på 50%. Dette er ei 50% stillinga som kommunikasjonsrådgjevar under ansvar 1000 som vart ledig i samband med tilsetning av ny biblioteksjef. Denne stillinga vart ikkje lyst ut og er føreslått fasa ut i dette budsjettet. Dette må også sjåast i samanheng med at arbeidet med integrering av flyktningar er venta å verte noko mindre dei neste åra enn det har vore til no. Behovet for administrasjon er likevel ikkje mindre så lenge me møter stadig nye statlege reformar, og nasjonale, regionale og lokale krav om planlegging og organisering. Men det er behov for å avgrense veksten i driftsutgifter i heile kommunen, også her. Dette inneber at me må ta høgde for at sørvisen på enkelte områder kan bli dårlegare i 2021.

Årets premieavvik og amortisering er ført på ansvar 1000. Det er slik at kommunane er pålagt å budsjettere/rekneskapsføre pensjonskostnaden og ikkje premieinnbetalinga. Premieavvik er skilnaden mellom pensjonsinnbetaling (det me betalar til pensjonselskapet) og pensjonskostnaden (det som skal kostnadsførast i drifta). I 2021 har SPK og KLP budsjettert med eit positivt premieavvik på til saman kr 2,1 millionar for Fedje kommune. Dette er ein reduksjon frå kr 3,2 millionar i 2020. Premieavviket vert ført som ei inntekt i drifta og som ei fordring i balansen. Årsaka til at føringa vert slik er ulike regelsett for berekning av pensjonskostnad og pensjonspremie. I praksis syner dette at pensjonsutbetalingane er venta å vera større enn dei kostnadane driftsrekneskapen syner.

Då regelen med føring av premieavvik vart innført i 2002 trudde ein at avvika ville veksle mellom positiv og negativt, men dette har vist seg og ikkje stemme. Oppsamla premieavvik vert no avskriven (amortisert) over ein 7 års periode. Amortisering for 2021 er berekna til ca. kr 1,1 million – som vert ført som ei utgift i drifta.

Uansett er eit positivt netto premieavviket på kr 1 million noko som me ikkje kan rekna med i åra framover. Me må vere førebudd på at denne inntekta kan endra seg til ei utgift i framtidige budsjett. Overskotet burde derfor vore høgare enn netto premieavviket på kr 1 million.

Teneste 1000 politisk styring

Fedje kommune har i denne fireårsperiode ordførar tilsvarande 90% stilling og varaordførar tilsvarande 20% stilling. I tillegg har alle, unntatt ordførar, godtgjersle for møte i kommunale organ. Tapt arbeidsgodtgjersle vert kompensert etter vedtekne retningslinjer. Kommunestyret har ein dag att i KS' folkevaldprogram som vert dekkja av KS.

Tenestemål 2021

- Auke intern kompetanse på saksbehandling
- Utvikle betre rutinar for saksbehandling som skal til politisk avgjerd

Tenestemål 2021-2024

- Nytte KS' folkevaldprogram fullt ut
- Heve kompetansen om, og bruk av, politikarane sin møteportal

Teneste 1201 Personalavdeling og 1204 Oppfølging av personalplan

Ingen større endringar i 2021. 1 årsverk. Teneste 1204 inneheld bl.a. julebord og gåver til tilsette ved jubileum, felles kursing mm.

Tenestemål 2021

- E-læring som del av mottak nye tilsette og generell kompetanseutvikling
- Vidare styrking av fagleg kompetanse på personal – både på personalavdeling og blant personalleiarane

Tenestemål 2021-2024

- Fedje kommune skal vere ein god, stabil og langsiktig arbeidsgjevar
- Fedje kommune har fire mål i arbeidsgjevarpolitikken: Kompetanse, å gjera oss stolte av eigen arbeidsplass, heilskapleg tenking og samhald. Konkretisering av mål og tiltak finst i personalplanen.
- Fedje kommune skal vere ein føregangskommune på kompetanseheving via e-læring.

Teneste 1202 Økonomiavdeling

Økonomiavdeling i Fedje kommune består av lønskantor, rekneskapskontor, fakturering og fakturamottak. Her er det til saman 2,2 årsverk fordelt på 3 stillingar. Dette består av 80 % stilling som kontormedarbeidar og 100 % årsverk økonomisjef. I tillegg er det ei 40 % stilling som skatteoppkrevjar der tenesta vert kjøpt frå Austrheim kommune. Frå 1. november 2020 vert den kommunale innkrevinga flytta over til 56 regionale statlege skattekontor noko som då vil medføra at denne stilling går ut.

Frå 04.05.2020 til 02.05.2021 er fast kontormedarbeidar i 100 % permisjon utan løn. Det er her henta inn vikar for denne perioden.

Grunna oppgåver innan IKT er stillinga til økonomisjefen fordelt 80 % under økonomiavdelinga og 20 % under IKT.

Styring og personalleiing av reinhaldarane i Fedje kommune er også lagt under økonomisjefen. Her er det til saman 3 årsverk fordelt på 5 stillingar. Utgiftene til reinhald vert belasta der dei driv reinhald.

Frå og med 01.01.2019 vart alle oppgåver NAV kontoret på Fedje handterte innan Husbanken sin lån- og stønadsordningar, overført til økonomisjefen. Oppgåvene består av handsaming av søknadar om start-/etableringslån, tilretteleggingstilskot og bustønad.

Denne oppgåve er delegert vidare til koordinerande etter rullering av delegeringsreglementet i kommunestyresak 066/20.

Tenestemål 2021

- Innføre bruk av e-bilag
- Få på plass mal og rutiner rundt tertialrapportering

Tenestemål for 2021-2024

- Framleis levere stabile og langsiktige tenester
- Halda på den kompetansen som mange år med erfaring og samarbeid har gjeve

Teneste 1203 Fellestenester

Fellestenester er postmottak, arkivtenester, saksbehandlarar, møtesekretariat, innbyggjartorg/telefon, heimesider og kommunikasjon, til saman 2 årsverk frå 01.01.21, samt 0,3 årsverk nytta på kulturadministrasjon (ansvar 1100) og 0,2 årsverk på kommunikasjon. Me har kuttet 50% fast stilling her sidan 2018 (delvis permisjon i 2019, omplassering i 2020). Me opplever at dette er i minste laget for å dekke lovpålagte oppgåver og ansvar, fordi nasjonale krav aukar og samstundes som det er svært vanskeleg å få tak i vikar ved fråvær pga. svært spesialiserte oppgåver og kompetanse.

Arkivlokala i Fedje kommune er ikkje eigna til langtidslagring for papirarkiv. Det er eit mål for arkivtenesta å levere mest mogleg av arkivmateriale til IKAH (Interkommunalt Arkiv Hordaland) som me er medeigarar i. Dei er vår felles arkivfaglege kompetanse, og langtidslagrar både papir og elektronisk arkiv for oss i tråd med nasjonale standardar. Både krav og arbeid med arkiv har auka mykje dei seinare åra, og fokuset vert berre sterkare frå nasjonale mynde. Det inneber også at utgiftene her stadig aukar, for at me skal halde lovkrava i arkivlova og etter GDPR (personvernforskrifta). Det er vanskeleg å sjå for seg at me kunne ha den faglege kompetansen og fylle krava i arkivlova utan dette samarbeidet.

Digitalisering har hatt nokre gevinstar her – me har markant nedgang i bruk av porto og konvoluttar etter at me har teke i bruk SvarUt, SvarInn og Esignering frå KS fullt ut. Telefonutgiftene ser også ut til å ha gått noko ned, og vert budsjettert i tråd med det.



Sørvistorg i Fedje kommune

Tenestemål 2021

- Prioritere tydeleg, slik at lovpålagte oppgåver vert gjort først

Tenestemål 2021-2024

- Best i landet på sørvis igjen
- Innlevere alle papirarkiv til depot

Teneste 1205 IKT

IKT Nordhordland vart skipa i september 2011 etter ein vertskommunemodell, der Osterøy kommune er vertskommunen. Organisasjonen har ansvar for IKT-tenester til Fedje kommune og alle dei andre kommunane i Nordhordland – mellom anna brukarstøtte, teknisk drift, tryggleik, innkjøp og IKT-strategi. Pliktene organisasjonen har, er beskrivne og vert regulert gjennom ein tenesteleveringsavtale og ein datahandsamaravtale mellom IKT Nordhordland og kvar einskild kommune. Økonomisjefen er Fedje kommune sin kontaktperson inn mot IKT Nordhordland.

Frå 2020 er alle utgifter tilknytta IKT NH ført under ansvar 1000 (Rådmann). Omfattar drift , digitalisering og innovasjon. Diverse avgifter og lisensar er også lagt inn her, samt internett og kommunikasjon.

Tenestemål 2021:

- Levere trygge og gode løysningar til brukarane
- Utvida samarbeidet til å gjelde fleire kommunar

Tenestemål 2021-2024

- Utvikla tenestene vidare

Teneste 1802 Eldreråd

Her er det budsjettert med møtegodtgjersler og noko til eldredagen.

Teneste 1700 og 1710 Premieavvik

Er budsjettert som ei netto minderutgift på 1 mill i budsjett 2021. Les ansvar 1000 for meir info.

Teneste 2311 Ungdomsråd

Her er det budsjettert med møtegodtgjersler og kr 10 000,- til fri disposisjon for rådet.

Teneste 2331 Bedriftshelseteneste

Litt ned i forhold til tidlegare budsjett. Fedje kommune har avtale med den godkjente bedriftshelsetenesta Salutis for tenester til ca 60 000 ,-kr, resten kan nyttast til andre naudsynte tiltak. Det vert laga årleg plan for førebyggjande arbeid.

Teneste 3250 Tilrettelegging og bistand for næringslivet

Her er det sett av kr 200 000,- til pendlartilskot for 2021. Det blei utbetalt tilsaman kr 212 705 i 2019. Prognosen for i år tyder på at det vil verte utbetalt noko mindre enn kr 200 000,- i 2020.

Teneste 3255 Reiseliv

Under denne posten dekkar turistinformasjon, medlemskap i ulike reiselivssatsingar, annonsering samt domeneutgifter og liknande.

Teneste 3900 Den norske kyrkje

Her er det ein auke frå kr 1 060 000,- i 2020 til kr 1 100 000,- i 2021. Denne auken må sjåast i samanheng med at arbeidet med å føra rekneskapen for Fedje kyrkje frå 2021 vert overført frå Fedje kommune til eit privat rekneskapsfirma som vert betalt av Fedje kyrkje.

Teneste 3920 Tilskot til trus- og livssynssamfunn

Det er sentralt vedteke at kommunen skal gje like mykje til andre trus- og livssynssamfunn som til den norske kyrkja. Storleiken på denne tenesta avhenge difor av storleiken på teneste 3900 og talet på medlemmar. Mogleg utdeling av tilskotet vert overført til statlig forvaltning, men dette er ikkje avklart enno.

Ansvar 1100 Kulturtenester

Kulturlivet har vore prega av korona i 2020, og vil truleg også verte det i 2021. Me har no fått på plass 50% bibliotekssjef kombinert med 50% kultur/kommunikasjon/fellestenester. Kulturskulen har dei siste åra vorte redusert frå ca. 100% stilling til ca. 50% utan at det har vore eit tydeleg uttalt politisk val. Me har no fått inn vikar i stillinga som kulturskulerektor med undervisning. Med berre ei stilling, må nødvendigvis tilbodet verte tilpassa kva kompetanse me har, heller enn kva brukarane ønskjer.

Tenestemål 2021

- Halda fram med å ha tilbod både innan musikk, scene og kunst i Fedje kulturskule
- Vidareutvikla biblioteket som ein open møteplass for debatt og aktivitetar, særleg retta mot barn og unge

Tenestemål 2021-2024

- Halda fram med å ha tilbod både innan musikk, scene og kunst i Fedje kulturskule og få ventelistene ned på eit minimum
- Kulturlivet er limet i Fedjesamfunnet. Finna måtar kommunen kan bidra til at me går frå lim til superlim.

Teneste 3700 Bibliotek

Ingen store endringar i budsjettet for 2020 i totalsum, men endring i prioriteringar i budsjettet: Mykje mindre kjøp av DVD og tidsskrift, til fordel for at me hektar oss på regionale og nasjonale kampanjar retta mot skule, barn og unge.



Barneavdelinga på Fedje folkebibliotek

Teneste 3750 Museum

Fedje er med i eit regionalt museumssamarbeid. For å seie opp dette, må ein seie opp før 1.oktober 2021. Avtalen går i så fall ut 31.12.22.

Teneste 3812 Fleirbrukshall

Her vert investeringar til utstyr inne i hallen og leigeinntekter ført. Fleirbrukshallen vert styrt av eit eige styre.

Teneste 3830 Musikk og kulturskular

Kulturskulen har ei 40% stilling som inkluderer oppgåva som rektor i kulturskulen og nokre få lønnsmidlar som kan nyttast til kortare kurs eller anna undervisning, etter kva lærekrefter som er tilgjengelege. Ved oppstart med ny vikarrektor hausten 2020, vil me ha 10-12 elevar i kulturskulen, 10-15 elevar på venteliste, samt undervisning av korpset (tal på elevar enno uavklart). Målet for skuleåret 20/21 er å få til eit nytt løft i korpset med tilhøyrande blåseinstrumentundervisning i kulturskulen.

Teneste 3850 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg

Kulturmidlane ligg i 2020, som vanleg, på 110 000 kr.



«Feiekostane» opptrer med sang under opninga av Dagsturhytta 24.oktober 2020

Teneste 3854 Kulturell spaserstokk

Nokre tilskotsmidlar her til kulturopplevingar spesielt til eldre. I tillegg kjem det tilskot og billettinntekter, så ramma for bruk er vanlegvis ca 30 000. Samarbeid med sjukeheimen. Ikkje vore bruk i 2020 pga korona.

Ansvar 2000 Levekår

Helse- og omsorgssjefen har ansvaret med å leia arbeidet med å utvikle, fornye og styrke samarbeidet mellom dei ulike helse- og omsorgseiningane i kommunen. Både tenester me kjøper frå andre kommunar og tenester me har sjølv kjem innunder dette ansvaret.

Teneste 2320 Førebygging – helsestasjons- og skulehelseteneste

Helsestasjons- og skulehelsetenesta har som føremål å fremja fysisk, psykisk og sosial helse, og førebyggja sjukdom og skade. Helsestasjonen er i ein unik posisjon til å komma i kontakt med born 0 - 5 år og deira føresette. Skulehelsetenesta er i god posisjon til å utjamna sosiale helseskilnader ved å ha kontakt med alle elevar i skulen. Fedje kommune kjøper i dag helsestasjons- og skulehelsetenester tilsvarende 40 % hjå Austrheim kommune. Helsesjukepleiar er på Fedje to dagar i veka. Det er ikkje lagt inn større endringar i budsjettet 2021.

Tenestemål for 2021

- Helsestasjons- og skulehelsetenesta på Fedje skal ha eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod til born, unge og føresette.
- Fremja tverrfagleg samarbeid for å sikra god kvalitet på tilbodet som vert gjeve.

Tenestemål for 2021-2024

- Kompetanseheving og utvikling av tenesta og gjera tiltak ut ifrå lokale føresetnader og behov.
- Styrke tilbodet i skulehelsetenesta slik at helsesjukepleiar er meir tilgjengeleg og nærare elevane og skulesystemet.

Teneste 2411 Fysioterapi

Fysioterapitenesta skal gje teneste til busette i Fedje kommune. Fysioterapitenesta driv med både instituttverksemd og heimebesøk, har no delt ansvar for hjelpemiddelformidling med ergoterapeuten og gir teneste til Sjukeheimen. I tillegg er fysioterapitenesta ein del av skulehelsetenesta og har ansvar for koordinerande eining i Fedje kommune.

Tenestemål for 2021

- Synleggjere fysioterapi som ein del av skulehelsetenesta
- Auke kompetanse på fysioterapi for born
- Synleggjere Koordinerande Eining

Tenestemål for 2020-2023

- Starte med kvardagsrehabilitering
- Verta oppdatert på nyaste forskning på dei pasientgruppene som til ein kvar tid får teneste frå fysioterapeuten.
- Fokus på synleggjering av Koordinerande Eining

Teneste 2413 Ergoterapi

Frå midten av 2020 har Fedje hatt ergoterapeut i 25% stilling. Ergoterapeuten gjer kartlegging, tilrettelegging, opplæring, trening, hjelpemiddelformidling og boligtilpasning m.m.

Tenestemål for 2021

Inkludering av ergoterapi i førebyggjande arbeid blant og unge i skole og barnehage i tillegg til rehabiliteringsarbeid for voksne og eldre

Tenestemål for 2020-2023

- Starte med kvardagsrehabilitering
- Inkludering av ergoterapi i førebyggjande arbeid blant og unge i skole og barnehage i tillegg til rehabiliteringsarbeid for voksne og eldre.

Ansvar 2100 Fedje skule

Skulen på Fedje er delt i fire område; grunnskule, SFO, vaksenopplæringa og den kulturelle skulesekken. I tillegg ligg pedagogisk-psykologisk teneste til skulen. Desse tenestene kjøper kommunen av Austrheim kommune, og tilbodet omfattar tenester til born, unge og vaksne i Fedje kommune.

Teneste 2020 grunnskulen



Nytt brannvarslingssystem



Skuleåret 2020/2021 har ein gjort store endringar i organiseringa av grunnskulen. Me har færre tilsette enn førre skuleår, og det er gjort endringar i samansetninga av teama. Desse endringane vil ein sjå resultat av også i budsjettet for 2021.

Frå å ha hatt 9 elevgrupper med 9 ½ kontaktlærarstillingar, har vi no 6 aldersblanda elevgrupper med ein kontaktlærarar i kvar gruppe. Det er mellom 5-12 elevar i kvar gruppe, og totalt er det 60 elevar ved skulen. Desse endringane har vore utfordrande for elevar og tilsette, og me ser at det er krevjande. Men, det har og gitt fordelar som att elevane opplever å ha fleire å samarbeide med. Skuleåret 2021/2022 vil det vera 7 aldersblanda elevgrupper. Denne inndelinga vil me gjerne ha framover for å ha kontinuitet i samansetjinga av elevgruppene. Sjå tabell.

Skuleår	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30
årstrinn	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1
	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2
	3	3	3	3	3	3	3	3	3	3
	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4
	5	5	5	5	5	5	5	5	5	5
	6	6	6	6	6	6	6	6	6	6
	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7
	8	8	8	8	8	8	8	8	8	8
	9	9	9	9	9	9	9	9	9	9
	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10

Dette har vore naudsynte tilpassingar grunna minkande elevtal, noko som har ført til at overføringane over statsbudsjettet vert mindre. Kvaliteten på undervisninga må vera høg og elevane har rett på eit godt læringsmiljø, også når dei økonomiske kåra blir utfordrande. Små klassar og tettare oppfølging av kvar enkelt elev er viktige for å oppretthalde ein god skule på Fedje. Det er difor ikkje slik at me kan halde fram med å kutte i budsjetta i åra framover.

Regjeringa har gjennom inneverande statsbudsjett lova at tilskot til innføring av nye læreplanar skal halde fram. Dette, i tillegg til lærarspesialistordninga og tilskot til vidareutdanning, vil gje skulen heilt nødvendige inntekter neste skuleår. Samstundes veit me at inntektene me har hatt grunna gjesteelevar og liknande fell vekk.

Vert inntektene for låge vil me få vanskar med å kunne oppfylle kompetansekrava til dei som skal tilsetjast og undervise i grunnskulen. Då må ein kanskje gjere vurderingar om grunnlaget for å ha ein 1-10 skule på Fedje er til stades. Me treng lærarar som kan undervise i fleire fag, og som har nok studiepoeng i engelsk, matematikk og norsk til å vera godkjent for å undervise i ungdomsskulen. Om talet på lærarar vert for lågt, vil det ikkje vera mogleg å oppfylle desse krava. Me må difor kunne tilby vidareutdanning til dei lærarane me ser at ønskjer å bli her. Målet vidare er auka kompetanse innan faga norsk, engelsk og spesialpedagogikk.

Spesialundervisninga ved Fedje skule er god. Elevane som har rett på undervisning etter §5.1 spesialundervisning, får i noko grad meir timar enn det PPT vurderer at dei har trong for. Dette er noko som gjer at elevane våre lærer meir, og skulen har eit godt ord på seg for å ta vanskanen til elevane på alvor. Samstundes er det viktig at ein ser skulen som ein heilskap, og at ein gjer organisatoriske grep for å unngå overforbruk. Organiseringa av spesialundervisninga vil difor vera eit område ein ser på i høve til moglege innsparingar.

Me skal og halde fram arbeidet med innføring av nye læreplanar og i den samanhengen ha samanhengande årsplanar frå 1 til 10 klasse i alle fag.



Fedje skule sitt bidrag til Ullbyen 2020

Kommunen kjøper teneste innan pedagogisk- psykologisk teneste frå Austrheim kommune i ei 10% stilling, noko som utgjer 2 dagar pr måned. I tillegg til å utreie lærevanskar og gje sakkunnige vurderingar, ønskjer PPT og skulen å utvikle samarbeidet. Tanken er at dei skal rettleie skulen i å utvikle eigen kompetanse til å oppdage lærevanskar, og til å jobbe systematisk med pedagogiske utviklingsarbeid for å gje elevane den opplæringa dei har krav på.

Skulen ønskjer difor å byggje opp eit ressursteam som jobbar både på system- og individnivå, med å utvikle den ordinære undervisninga, spesialundervisninga og eit godt psykososialt skulemiljø for elevane. Dette vert då eit samarbeidsorgan for skule, barnehage, skulehelsetenesta, PPT og barnevernet.

Tenestemål 2021

- Fagleg: Utvikling av samanhengande årsplanar i alle fag frå 1-10.klasse.
- Sosialt: Halde fram arbeidet med å skape eit trygt og godt læringsmiljø for elevane, med fokus på fellesskap og samarbeid.
- Organisasjon: Bygge opp eit ressursteam som jobbar både på system- og individnivå, med å utvikle den ordinære undervisninga, spesialundervisninga og eit godt psykososialt skulemiljø for elevane

Tenestemål 2020-2023

- Fedje skule skal halde fram meg å gje elevane ei likeverdig og tilpassa opplæring, sikra gjennom samanhengande årsplanar i alle fag.
- I tett samarbeid med barnehagen, skal skulen oppretthalde og vidareutvikle kunnskapen vår om å førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Me skal samarbeide om å byggje eit inkluderande miljø for born og unge på Fedje
- Sikre ei kontinuerleg utvikling av den einskilde tilsette sin faglege kompetanse for å skape gode resultat over tid.



Elevlar i arbeid med ull

Teneste 2150 skulefritidsordninga

Skulefritidsordninga (SFO) er eit ikkje-pedagogisk tilbod før og etter skuletid til born frå 1. til 4. klasse, og for born med spesielle behov frå 1. til 7. klasse. SFO skal leggja til rette for lek, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå borna, samt gje borna omsorg og tilsyn.

SFO heldt for det meste til i skulen sine lokale, og nyttar uteareala ved skulen. Det er fleire elevlar som nyttar SFO dette skuleåret enn i fjor, og ein har styrka bemanninga noko. To dagar for veka er det to vaksne på SFO. Dette for å gjere det mogleg for å gje tilbod om ulike aktivitetar til elevane. Ein vil sjå på organiseringa av SFO før skuleåret 2021/2022. Me ser at med så små grupper og få tilsette, er ein svært sårbar når det gjeld t.d. sjukefråvær.

Teneste 2130 vaksenopplæringa

Fedje kommune tilbyr for tida opplæring i norsk og samfunnskunnskap til personar i målgruppa for introduksjonsloven. Undervisninga vert gitt tre dagar i veka i «gamle posten»- lokala.



Lærar (t.v.) og elevlar ved vaksenopplæringa 2020

Ansvar 2200 Fedje barnehage

Fedje barnehage er ein to avdelings barnehage med born i alderen 0-5 år. Delar av dagane er borna delt, og kvar avdeling har ein pedagogisk leiar som avdelingsleiar. Som avdelingsleiarar skal dei leia det pedagogiske arbeidet og sørge for at barnehagelova og rammeplanen blir oppfylt. Dei skal planleggje, gjennomføre, dokumentere, vurdere og utvikle arbeidet i barnegruppa. Kvar avdelingsleiar har krav på minimum 4 timar planleggingstid i veka.

Stortinget har vedtatt eit minimumskrav til grunnbemanning for barnehagar, både ei bemanningsnorm og pedagognorm. Barnehageåret 2021/2022 vil barnetalet i barnehagen gå ned igjen. Barnehagen må nedbemanne dei som er for mange tilsette, men samstundes klare å gje borna eit godt barnehagetilbod. Barnehagen stiller no med mange gode tilbod, og me vil gjere vårt beste for å kunne oppretthalde disse, sjølv om barnetalet blir lågare.

Det har lenge vore praktisert fortløpande opptak, noko som er utfordrande for å kunne planlegge barnehageåret. Søknadsfrist kan fastsettast av kommunen, og vil då gje ei betre utsikt for framtida og ein kan planlegge året betre. Barnehagen kan framleis ha ledige plassar, og tilflyttarar kan søke om overflytting om dei har behov for plass i barnehagen.

Kommunen har ansvar for å oppfylle retten til barnehageplass. Ein må derfor ta omsyn til tilflytting og behovet for plassar for born over og under tre år.

Dei tilsette i barnehagen har hatt fleire kompetansehevingar dei siste åra innan leik, språkstimulerande aktivitetar og “dei utrulege åra”. I året som kjem, vil fokuset ligge på å få metodane implementert i kvardagen, og vidareutvikle den kompetansen me har bygd opp.

Barnehagen og skulen søkte, og har motteke, midlar i samband med Utdanningsdirektoratet sitt kompetanseutviklingstiltak “inkluderande barnehage – og skulemiljø”. Dette er eit langtidsprosjekt som vil involvere born, ungdom, foreldre/føresette og tilsette i barnehagen og skulen.

Tenestemål 2021

- Barnehagen skal sikre at borna får ulike kulturelle opplevingar
- Dei tilsette skal få ei kompetanseheving i arbeid med språkstimulerande aktivitetar i barnehagen.
- Borna skal møte fleire organiserte aktivitetar, leia av dei tilsette, for å auke og utjamne forskjellane i aktivitetsnivået.

Tenestemål 2021 – 2024

- Barnehagen skal utnytte heile uteområdet med inspirerende leikeområde til bornas frileik.
- Dei tilsette skal få meir kunnskap om arbeid med digitale verktøy som støtter borna sine uttrykksformer, læring og utvikling.
- I tett samarbeid med skulen, skal barnehagen oppretthalde og vidareutvikle kunnskapen vår om å førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkelsar. Me skal samarbeide om å byggje eit inkluderande miljø for born og unge på Fedje.



Fedje barnehage er ein god stad å vere

Ansvar 2300 Pleie og omsorg

Teneste 2341 Psykisk helse og dagaktivitetstilbod for heimebuande demente, derunder óg velferdsteknologi

Året var prega av mykje stenging i hjartebanken grunna Covid-19. Likevel er hjartebanken, drop-inn og ungdomskaféen er godt besøkt. Dei andre tilbod er meir svingande. Dagaktivitetstilbod for dei heimebuande demente starta opp igjen i september, oppstarten vart forsinka grunna korona. Per i dag har dagaktivitetstilbodet fire plassar og er integrert i hjartebanken. Det er ikkje behov for auke av plasser, men det burde vera meir reklame på at tilbodet eksistera. Det vart jobba mykje for å synleggjere tenestetilbod i kommunen, både digitalt og analog.

Fedje kommune deltek i velferdsteknologiprogram fram til utgang 2020, det er påbyrja arbeid med å utvida programmet med eit år. Velferdsteknologi er ein del av tenestetilbodet. Matombringning er eit stabil tilbod som vert laga av sjukeheimskjøkkenet. Dermed vert kostnadar på matombringning ført under 253 – helsetenesta i institusjon, medan inntektene skal førast under 234 – helsetenesta utanfor institusjon.

Rusarbeid er eit område som ikkje har vore prioritert i kommunen og som ikkje er mykje snakk om. Kommunen har fått tilskotsmidlar for å opprette ein prosjektstilling. Stillinga skal brukast til kartlegge behovet rundt tema og for jobbe med kompetanseheving og informasjonsarbeid i det feltet.

Tenestemål 2021

- Tilbodet til psykisk helse vert opprettheldt.
- Brukarmedverknad er ivaretatt.
- Fedje kommune auka kompetanse innafør rusfeltet og har fokus på informasjonsarbeid.
- Dagaktivitetstilbod for heimebuande demente er godt kjend og besøkt.

Tenestemål 2021-2024

- Psykisk helse med hjartebanken som møteplass er eit lågterskeltilbod prega stabilitet og tryggleik.
- Fedje kommune har kompetanse innafør rus og kan gje eit heilskapleg tilbod med oppfølging og rettleiing til personar med rusproblematikk.
- Alle som har behov har kjennskap til tilbod og får moglegheit til å nytte dette.
- Tilbodet er tilpassa den enkelte brukar sine behov og ynskjer, og brukar har medverka til utforming.

Teneste 2530, 2531, 2541, 2542, 2543 – 2020 Pleie og omsorg

Derunder pleie og omsorg, administrasjon pleie og omsorg, heimetenesta som heimesjukepleie og praktisk bistand, PU

Sidan sjukeheimen og heimesjukepleie er ein kombinert teneste, vart budsjettet i lønsamheng splitta med 80-20 %. Personalet som går ut i heimesjukepleie skal rekneskapsførast på same måte for å få eit reell inntrykk av kostnadar som høyrar til heimesjukepleie. Einaste kostnad som ikkje kan delast, er innkjøp av medisinsk forbruksmateriale som berre vert budsjettet og rekneskapsført under sjukeheimen, mens forbruket ligg både på sjukeheim og i heimesjukepleie.

Pleietyngda og – mengda er stabil på sjukeheimen, men dei som får plass på sjukeheimen er no dei som har behov for døgkontinuerleg hjelp og ofte enten 1 til 1 eller til og med 2 til 1-pleie. I heimesjukepleie er belegget svingande, men det er store forskjellar på pleiebehov og -tyngde. Per i dag ingen venteliste for korttids- eller langtidsopphald, det var heller ingen tilfelle av overliggar frå sjukehuset i 2020.

Personalgruppa er svært engasjert og omsorgsfull, men sårbar. Hovudårsaka er sjukefråvær og rekruttering. Sjukefråvær er avtagande, men det er oftast behov for vikarinndekking for å kunne ha grunnbemanning. Grunnbemanning har hittil vore fem på dag, tre på kveld og to på natt, men grunna utfordrande økonomi vert den justert ned til fire på dag, tre på kveld og to på natt. Tilpassinga vert gjort med at fleire ledige vikariat ikkje vert bemanna og personalet får ny turnus, der det naturleg vil vera fire eller fem som grunnbemanning på tidlegvakt. Ved sjukdom av femte man vil det ikkje verte henta inn sjukevikar. Det kan periodevis vera behov for auke i bemanning når det er svært krevjande brukar. Dette må verte vurdert fortløpande. Vikarpool var bra i 2020, men kan vera meir problematisk i 2021. Dette svingar betrakteleg. Sommaravvikling har vore krevjande dei siste åra, òg i 2020 da vi ikkje kunne bruke utanlandske vikarar grunna Covid-19. Lærdommen frå i år vil vi ta med i sommaravvikling 2021, for det var ein del positive aspektar i måten vi gjorde det på. Hovudproblemet ligg i rekruttering av personar med helsefagleg utdanning. Målsetting framover bør

vera å endre assistentstillingar til helsefaglege stillingar etter kvart desse går av med pensjon. På den måte kan man oppretthalde ein fagleg forsvarleg turnus til tross for manglande søkjarar.

Aktivitetstilbod har vorte utvikla dei seinare åra og vi kan sjå stor gevinst for både bebuarar og heimesjukepleiebrukarar som óg brukar tilbodet. Men vi ser utbyggingspotensiale på aktivitetstilbod på sjukeheimen, særleg i kvardagen. I 2020 var det vanskeleg å gjennomføre dei ulike planlagde arrangement grunna smittevern, det vart forsøkt å bruke digitale løysingar, men dei var berre delvis suksessfull. Kvardagen på sjukeheimen endra seg lite under situasjonen, men besøkssituasjonen har vore annleis. Stort press på å opne for besøk gjorde det naudsynt til å ha inn ekstra folk for å kunne ivareta smittevern og besøk. Men dette er økonomisk kostbart og ikkje haldbart over lang tid då vi brukar heile vikarpoolen på kort tid. Systemet vert tilpassa heile tida, etter vurdering av smittevernlege og leiar. Kommunen har fått innvilga tilskotsmidlar for å jobbe med aktivitetstilbod ved sjukeheimen for å motverke konsekvensane Covid-19 kan ha hatt på brukarane.

Nasjonale føringar med fokus på blant anna trivsel, brukarmedverknad, støtte til pårørande, kvalitetssikring- og forbetring, kvardagsrehabilitering, tidleg innsats og frivilligarbeid. Det er stort fokus på reforma «Leve heile livet» frå staten. Reforma omfattar hovudsakeleg helse og omsorg, men òg andre områdar som samfunn og planlegging. Her er det behov for meir arbeid for å få det skikkeleg implementert i kommunen. Kreftsjukepleiar har starta opp med sitt tenestetilbod i kommunen som vidareføring av tidlegare kreftkoordinator. Her må ein avvente på korleis tilbodet vert nytta i kommunen. Frivillighetsarbeid bør systematiserast og utvidast, ei mogleg oppgåve for ergoterapeut.

PU-tenesta: Stabil tenesta. Dei tilsette held på med kompetanseheving i form av ABC-opplæring, ein kurs som er basert på eigenstudie og lokale samlingar. PU-tenesta er ein særleg ressurskrevjande tenest der vi får rammetilskot frå staten ut ifrå timar brukt i tenesta. Tilskotsordninga gjeld for dei mellom 18 og 67 år. Her må ein sjå vidare på teneste når tilskot utgår.

Praktisk bistand: Stabil men låg heimehjelp tenesta med lite sjukefråvær. Per i dag er det 65 % stilling, fordelt på to personar. Timane som ikkje vert brukt i heimehjelp vert brukt til andre oppgåva ved sjukeheimen (til døme nedvask av rom, som er elles ein ekstra kostnad).



Tenestemål 2021

- Systematisk pasienttryggleiksarbeid og kvalitetsforbetring ved hjelp av tavlemøte er iverksett.
- Mat og måltida er ein viktig del av livskvaliteten og kvardagen på sjukeheimen.
- Brukarmedverknad er ein naturleg del av forbetningsarbeid

Tenestemål 2020-2023

- Systematisk frivilligarbeid er bygd opp.
- Personalet i pleie og omsorg har den kompetansen og kunnskapen dei treng for å utføre ein god og forsvarleg jobb.
- Tenestetilbodet er forsvarleg, synleg, brukarvenleg og tilpassa den enkelte sine behov.

[Ansvar 2500 Legetenester](#)

Framlegg til budsjett for 2021 er ei vidareføring av dei tenestene ein har i 2020. Det er ikkje lagt inn nye kostnadskrevjande tiltak. Til ansvarsområdet ligg miljøretta helsevern, legetenesta i sjukeheimen og ved helsestasjonen, kommuneoverlegeoppgåvene, beredskap, legevakt på Fedje, legevakt i Knarvik, akuttsenger ved Nordhordland legevakt, pasientskadesikringa og fastlegeordninga

Kostnadsvekst er knytt til vekst i kostnadane ved Nordhordland Legevakt pga redusert tal på kommunar, styrking av ordninga for næringsdrivande fastlegar og betaling til staten for gjestepasientar. Det er eit mål at overgang til Solundmodellen skal skje innanfor desse rammene

Tenestemål 2021

- Ein skal arbeida med kontinuitet i tenestene, sikra tenleg legevakt for innbyggjarane på Fedje og vikarordning om sommaren dersom ein ikkje får på plass Solundmodellen
- Få på plass ny legeordning i løpet av 2021.

Tenestemål 2021 – 2024

- Styrke folkehelsearbeidet
- Utvikle det tverrfaglege arbeidet
- Skape gode tenester med fleire legar av begge kjønn

Ansvar 2600 Sosialtenester

På ansvar 2600 er det fleire store utfordringar:

Økonomisk sosialhjelp har auka svært mykje dei siste åra. Budsjettpost 2810, yting til livsopphold, ser ut til å verte overskride i 2020. Sosialtenesta til Fedje kommune ligg no til NAV Fensfjorden som starta 01.01.19. NAV Fensfjorden har hatt ein del oppstartsproblem, men me har no fått betre oversikt enn me har hatt tidlegare. Det er derfor viktig framover å halde nær kontakt med NAV Fensfjorden og vurdere om ein kan tilby gode alternativ som kan erstatta økonomisk sosialhjelp. Målet med dette arbeidet er å få ned kostnadane. Det vil uansett vere stor usikkerheit både på oppsida og nedsida.

Sidan dei fleste tenestene her er styrt av rettar, er det stor usikkerheit kva kostnader som reint faktisk vil kome her. Det gjeld m.a. barnevernstenestene, som frå 2020 er lagt inn under Alver kommune. Me lagar budsjett basert på historiske tal, men det er viktig å vite at akutte situasjonar her raskt kan gje høge utgifter me ikkje er budd på.

Teneste 2332 Edruskapsvern

Stillinga som jobbar med edruskapsvern er ført under 1203 fellestenester. Inntektene frå gebyr for skjenkeløyve vert ført her.

Teneste 2750 Introduksjonsordninga

2020 var siste året for introduksjonsordninga, om ikkje fleire flyktningar flyttar til kommunen. For 2021 er det derfor ikkje budsjettert med noko her.

Teneste 2760 Kvalifiseringsordninga

Kvalifiseringsordninga vert administrert gjennom NAV. Dei som treng ekstra hjelp for å kome inn i ordinært arbeidsliv kan søkje om dette. Vanskeleg å føresjå behov/bruk, avhengig av rettar. Me har lagt oss på same nivå (forholdsvis etter storleik) som nabokommunane.

Ansvar 3000 Teknisk kontor

Ansvar 3000 har følgjande tenesteområder : Administrasjon, Forsikring av alle kommunale bygg, Interne service-einingar, Bustadtilskot, Handsaming av planar, byggesak og oppmåling, Landbruk, Vegar, Veglys, Brann, Oljevern, Statleg oljeverndepot, Vatn, Kloakk, Slam, Renovasjon og Mink/Hjort.

Planleggar vart tilsett i 2020, i full stilling frå 1. september 2020. Teknisk sjef har 80% stilling.

Følgjande gebyr vert ikkje endra : Kloakk, slam, feiing og renovasjon.

For bustad mellom 80 og 300 m², har gebyr for vatn eks. mva vore slik :

År	Gebyr eks mva	Endring frå året før
2020	3357	38% auke
2019	2425	15% reduksjon
2018	2853	15% reduksjon
2017	3357	10% reduksjon
2016	3730	
2015	3730	
2014	3730	
2013	3730	

Kommunen kan ikkje ha høgare inntekter frå gebyr for vatn enn at utgiftene vert dekkja. Oveskot skal settast av på fond. Eige rekneskap som syner overskot eller underskot for drift av vassverket, er vedlegg til årsrekneskapen for kommunen kvart år.

Då rekneskapen for 2016 låg føre, hadde vi eit oppsamla overskot på 730.000,- kr. Gebyret for 2017 vart difor sett ned med 10%. Då 2017 var ferdig hadde likevel det oppsamla overskotet auka til 929.000,- kr. Gebyret vart sett ned på nytt både for 2018 og 2019. Den 1. januar 2019 var det oppsamla overskotet på 837.000,- kr.

Følgjande tiltak vart gjennomførte i 2019:

- I 1981 fekk vassverket eit tilbygg og ein starta ein med å pumpa vatnet ut på nettet. Tidlegare var det vasstårnet som skapte trykket hjå abonnentane. Det elektriske opplegget var difor nytt i 1981. Vinteren 2018/2019 gjekk ved to høve innhaldet i hovudtavla amok. Det var tid for fornying.
- To nye pumper som pumper vatnet ut på leidningsnettet, vart kjøpt – dei gamle var frå 1981.
- Ny brannpumpe. Vi treng eit stor pumpe når vi skal gjera rein inntaksleidningen til vassverket og til trykkstøtte ved reingjering av leidningar. Den gamle var frå 2002.
- Styringa av vassmengda i vasstårnet vart lagt om. Fram til 2019 fekk vi signal om vassmengda i vasstårnet via nivåvipper og signalkabel. Denne løysinga var ikkje alltid stabil. Vi starta med å måle vassmengda på vasstårnet direkte i vassverket.

Med desse arbeida var det oppsamla overskotet brukt opp. Vi starta 2020 med eit underskot på 312.000,- kr.

Faste ugifter til drift av vassverket er : løn, straum, vassprøver, SMS-varsling, service membranfilter og vaskemiddel. Eit årsgebyr på om lag 2800,- kr dekker desse faste utgiftene.

Følgjande arbeid er gjennomført i 2020:

- Renseanlegget vert styrt av ein PC. Denne har internett men er ikkje kopla til SING. PC'en er no kopla til SING med ein fiberkabel frå fleirbrukshallen.
- Det siste åra har vi fått ein del klagar frå einskilde abonnentar på vasskvaliteten. Vi har difor intensivt arbeidet med spyling av nettet. Vi hadde ein pause med dette arbeidet frå 2013 til 2019.
- Demninga i Storavatnet er vølt. Det er bygd ny demning innafor den gamle.

Plan for 2021:

- Arbeidet med spyling av nettet må halda fram i 2021. Sjølve spylinga gjer vi sjølve men det må til ein del fornying av ventilar på nettet for å få dette til.

- Membranfilteranlegget vart montert i august 2007. Hausten 2013 vart kapasiteten på membranfilteranlegget sterkt redusert. (Dette gjekk ikkje ut over abonnentane). Årsaken var at sjølve filtera var tette og måtte fornyast. Dette vart gjort i 2014. Kostnaden var ca 500.000,- kr. Det er sannsynleg at nye filtre må monterast i 2021.

Gebyr for vatn må attende til 2013-sats i 2021. Det mest vanlege gebyret for vatn aukar då frå 3357 kr til 3692,- kr pr år, eller med 10%.

Korleis ser dette ut om vi samanliknar oss med andre kommunar ?

Øykommunesamarbeidet, årsgebyr 2020 etter KOSTRA (eks.mva) :

Kvitsøy	Hasvik	Fedje	Røst	Smøla	Værøy	Utsira	Solund	Træna
1700	2965	3357	3564	4600	4681	5266	5366	7424

Eit tilfeldig utval av årsgebyr vatn for 2020, henta frå dei respektive heimesidene (inkl. mva) :

Osterøy	Øygarden	Fedje	Alver	Austevoll	Masfjorden	Austrheim	Samnanger
3647	4131	4196	4283	4640	6187	6414	9192

Renovasjon:

Vi starta med flishogging i Flundrevågen i 2009. Ved handsaminga av budsjettet for 2013, gjorde kommunestyret vedtak om at abonnentane skulle betala for dette. Gebyret i Fedje kommune er difor 200 kr + mva høgare i Fedje kommune enn i dei andre kommunane i NGIR.

Inntektene av gebyr for byggesak og oppmåling er i budsjettet for 2020 sett til 220'. Vi ser ut til å nå denne summen i år. Same sum er sett opp for 2021.

Regulativet for byggesak og oppmåling vart ikkje endra frå 2018 til 2019. For 2020 er gebyra auka med 8% utan at vi reknar med at inntektene aukar. Ingen auke for 2021.

Bustadtilskot: Ordninga vert avvikla pga budsjettsituasjonen. Ordninga vart innført i 1995 som ei utviding av ei eksisterande støtteordning. Dei som bygde utanfor kommunalt bustadfelt, fekk støtte fordi kommunen selde subsidierte tomter i bustadfelt. I 95 vart ordninga utvida slik at dei som overtok bustader som var over 40 år gamle, fekk tilskot. I dag sel kommunen bustadtomter utan generelle subsidiar og den opphavelig grunngevinga for ordninga er vekke. Bustadeigarar kan få lån og tilskot til utbetringar gjennom Husbanken. Desse ordningane er meir målretta enn tilskotsordninga kommunen har hatt.

Brann: 110-sentralen har endra fordelingsnøkkelen for utgiftene. Dette fører til at utgiftene har auka frå 40' til 160' pr år.

Mink/Hjort: Statens Naturoppsyn har dei to siste åra gjort ein stor innsats for å utrydde minken på Fedje. For å støtte opp om arbeidet med å halda minken vekke, vart skotpremien auka frå 150 kr til til 500,- kr frå 2020.

Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg

Ansvar 3100 har følgjande tenestemålar: Bygg som kommunen eig, bustader som kommunen eig (29 stk), fyrvoktarbustad, helikopterplass, badeplass og fotballbane.

Straum:

For 2021 er halvparten kWh-prisen bunden til 31,7 øre. I prognosen for 2021, er det nytta ein spotpris på 13 øre. Denne prisen gjeld halve forbruket. Det er ikkje rekna med auke i nettleiga.

Kommunale utleigebustader:

Husleigeauken vert 1,34 %. Dette er i samsvar med konsumprisindeksen.

Kommunen har no 26 husvære for utleige. Dette er inklusiv den som sjukeheimen disponerer og eksklusiv to omsorgsbustader. Det er rekna med eit husleigetap tilsvarande leige for 4 bustader. Tidlegare år har vi rekna med tre. Pr 1/1-21 er 6 bustader utan leigetakar.

Pr 10/9-20 er det nytta kr 247' til vedlikehald. I 2019 vart det nytta 176' kr. I budsjettet for 2021 er det 200.000,- kr vedlikehald. Same sum i 2020.

Gamle-banken:

Inntektene på 40' kjem frå Soknerådet.

Fleirbrukshall:

I 2019 vart det nytta 656' kr til vedlikehald og service. Året 2020 vert eit meir normalt år og for 2021 er det sett av same sum som i 2020 : 150' kr.

Tenestemål 2021

- Kommunen leverer prøver av bassengvatn og drikkevatt kvar månad. Alle prøver skal stetta drikkevassforskrifta og bassengforskrifta.
- For barnehage, skule og sjukeheim har det vore vanleg at teknisk sjef og leiinga ved dei ulike bygga, år om anna har halde ei felles synfaring der ein har sett på vedlikehald av bygga innvendig. Felles synfaring i alle bygg er eit mål for 2021. (Oppfylt i 2019 OG 2020).

Ansvar Beredskap – som er felles for alle

Fedje kommune skal vera ein trygg kommune å leva og bu i. Det er forventat at kommunen driv målretta og førebyggjande arbeid for å unngå ulukker og uønska hendingar, og har ein kommunal beredskap som er førebudd på å møte uføresette situasjonar som kan oppstå. I kritiske situasjonar er det viktig at kommunen i samarbeid med andre beredskapsaktørar sikrar innbyggjarane og tek i vare informasjonsbehovet. Kommunen sin ROS-analyse er eit godt hjelpemiddel for å sikra at det er dei mest kritiske og relevante situasjonane me øver på og førebur oss på.

I 2020 har vi ikkje hatt øvingar, men pandemien har gjort at KKL har hatt mange møter. Det er eit krav at den kommunale kriseleiinga skal øvast minst anna kvart år. I tillegg ar kriseleiinga også fått praksis med å nytta kommunikasjonssystemet CIM.

Kurset som vart halde for heile KKL i november 2019, i samarbeid med fylkesmannen si beredskapsavdeling, viste seg å vere både nyttig og framtidsretta.

Tenestemål 2021 – 2024

- Gjennomføra kompetansehevande tiltak og øvingar for kriseleiinga
- Ha gode og oppdaterte system og rutinar for øving og krisehandtering





Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Dagrun Gunnarson	FE-033	20/512

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/20	Arbeidsmiljøutvalet	PS	05.11.2020

Gildskap og gode rutinar

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Jan Torry Sande er vald til hovudverneombod. I tråd med AMU-vedtak 008/19 er han leiar av AMU t.o.m. april 2022.

Sidan han også er gift med Dagrun Gunnarson, som sitt for arbeidsgjevarsida i AMU og er sekretær for AMU, bør me drøfte korleis dette kan gjennomførast på ein transparent og tillitsvekkande måte. Me må ha rutinar som også står seg om me får ei skikkeleg vanskeleg sak.

Forslag til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.